



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201405940	04.03.2016	18058/2016/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	10.06.2016

## **Surnadal kommune - Trollheim kraftverk - aggregat II - vassressurslova - fråsegn til søknad om konsesjon**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi vurderer området for aggregat II til å ha stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Særleg gjeld dette området ved Solem på nedre del av arealbruksplanen. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova. Den arkeologiske registreringa må bli sett som vilkår ved eit eventuelt løyve.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør § 10 same lov. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimum budsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid og da vil kostnadene bli tilsvarende mindre. Om uføresette tilhøve fører til forlengta registrering vil vi varsle om dette.

Det vil i området vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette, då det vil bli rimeligare for tiltakshavar. Gravemaskina bør helst vere 10-15 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 meter breidd.

Vi gjer merksam på at funn av automatisk freda kulturminne vil kunne medføre krav om justering eller dispensasjon frå kulturminnelova, eventuelt med vilkår om arkeologisk utgraving, og vi rår difor til at søkar tek kontakt så tidleg som mogleg før detaljplanlegginga tek til.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

### **Kulturminne frå nyare tid**

I NVE sin verneplan og Kulturminneplan for Møre og Romsdal er eit gammalt dam/demningsanlegg registrert som eit kulturminne av Nasjonal verdi. Denne ser ut til å ligge rett nordaust for nedre planareal. Det er viktig at anlegget ikkje vert forringa i samband med arbeidet som no skal gjerast. Vi har ikkje detaljkjennskap til det gamle anlegget nok

til å seie om dette vedkjem planen, men legg ved informasjon om kulturminnet frå NVE sin eigen rapport.

Vi har ikkje merknader utover dette

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog, Guro Dehli Sanden, tlf. 71 25 88 63  
Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, 71 25 89 28

Vedlegg:

Informasjon om damanlegg frå NVE sin rapport «Kulturminner i vassdrag».  
§9 – Budsjett arkeologisk registrering – Trollheimen kraftverk – aggregat II

Kopi:

Surnadal kommune  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her